

MELLOMBELS OPPLEGG FOR STYRING AV DEMNING OG UTTAK I STORAVATNET

Med utgangspunkt i ynskje frå Lindås kommune om eit mellombels opplegg i tida fram til det føreligg avklaring av rettar og mogeleg konsesjon for bruk og regulering, vert det lagt opp til følgjande:

- 1 For å unngå større flaumar i Storavatnet vert styringa lagt opp med slike på å unngå vasshøgd over 21,10 moh.
- 2 I vekstsesongen, frå om lag 20. april til om lag 20. september, vert vasshøgda sokt styrt mot høgd 20,60 moh. Elles i året vert høgda ikkje regulert i høve demningshøgd på 20,80 moh utover det som er fastlagt i pkt. 1.
- 3 Tiltaka i pkt. 1 og 2 byggjer på at det er ei forståing mellom grunneigarane at høgda i Storavatnet i tørkeperiodar kan gå under 20,03 moh.
- 4 Ut frå ovanståande vert vedtatt tappereglement for uttak til Nesfossen Smolt mellombels endra slik at dette med faste målte vassuttak i månaden går ut og i staden vert innført eit maksimaluttak når vatnet går under 20,30 moh i "vinterperioden" og 20,10 moh i vekstsesongen. Maksimalt uttak vert då 0,8 cm senking av Storavatnet pr. døgn.

Manøvrering og drift skal så langt det er mogeleg søkjast gjennomført slik at vasstanden varlerer minst mogeleg av omsyn til eigedomane rundt vatnet. Det er et ynskje frå grunneigarane at vasstanden ikkje går under 20,30 moh. Skjer det, skal manøvreringa skje slik at vasstanden raskast mogeleg når minimum 20,30 moh. Når vatnet stig over 20,80 moh, skal manøvreringa innrettast slik at overskrida blir minst mogeleg og så kortvarig som mogeleg.

Grunneigaranes representantar og kommunen skal ha faste halvårlege møter og gjennomgå siste periodes status. Det føres protokoll frå møta. Ved behov kan ein av partane krevje møte utanom desse faste.

- 5 Mogelege skader på eigedom/anlegg som følge av dette opplegget skal gjevast vederlag for. Om partane ikkje vert samde om vederlaget vert dette fastlagt ved skjøn kosta av Lindås kommune.

Partane er også einige om å få vurdert tidlegare skader og ulempar på grunneigarane sine eigedomar. Det vert engasjert sakkyndig bistand til dette. Blir partane ikkje einige om eventuelt vederlag, vert dette fastlagt som angitt over.

- 6 Ovanståande opplegg er mellombels og endrar ikkje på eksisterande retts- og avtalegrunnlag, frå tidlegare. Denne mellombelsete ordninga kan ikkje påberopast av partane i ei rettsutgreilingssak eller anna sak for domstolane.

- 7 Opplegget som skissert foran står ved lag til dess rettsgrunnlaget for kommunen sine rettar og/eller konesesjonsspørsmåla er avklara og opphører seinast innan 5 år frå vedtaksdato i kommunestyret, om det ikkje vert fornøya.
- 8 Lindås kommune dekkjer grunneigarane sine utgifter til juridisk bistand ved denne avtale samt ved skjøn i samsvar med pkt. 5.
- 9 Avtalen skal godkjennast av Lindås kommunestyre og i grunneigarmøte.

Knarvik,/..... 2013

Lindås kommune

Olav Thorsheim Olae Brækstad
Jan B. Thorheim Torge Kleveland
Christian Hennik

Grunneigarane sine representantar